



Innkalling for Valstyret

Møtedato: 04.05.2017
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 09.00

Saksliste:

Saksnr	Tittel
005/2017	Godkjenning av innkalling og saksliste
006/2017	Godkjenning av møtebok
007/2017	Meldingar og referatsaker
008/2017	Val av oppteljingsmåte

Den som har lovleg forfall eller er ugild i nokon av sakene må melda i frå til kultur- og sørvistorget så snart som råd, tlf 56 34 90 00. Varamedlemmer møter etter nærare innkalling.

26. april 2017

Jon Askeland
møteleiar

Monika Soltveit Gabrielli
utvalssekretær

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
005/2017	Valstyret	PS	04.05.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Monika Soltveit Gabrielli	17/832	17/5162

Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksopplysingar:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
006/2017	Valstyret	PS	04.05.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Monika Soltveit Gabrielli	17/832	17/5163

Godkjenning av møtebok

Saksopplysingar:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend



Møtebok for Valstyret

Møtedato: 16.03.2017
Møtested: Kommunestyresalen
Møtetid: 09.00

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Roy Bø	FRP	Medlem
Jon Askeland	SP	Utvalseiar
Anne Berit Bø Palmesen	SP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Christel Villanger Håland	H	Roy Bø - FRP

Andre møtande:
Rådmann Jarle Landås, møtesekretær Monika Soltveit Gabrielli

Underskrifter:

Jon Askeland
Ordfører

Monika Soltveit Gabrielli
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2017	Godkjenning av innkalling og saksliste
002/2017	Meldingar og referatsaker
003/2017	Tid og stad for røystegjeving under valtinget 2017
004/2017	Val av stemmestyre og stemmemottakarar - stortingsvalet 2017

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
001/2017	Valstyret	PS	16.03.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	17/422	17/2750

Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksopplysingar:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

Valstyret - 001/2017

VAL - handsaming:

VAL - vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
002/2017	Valstyret	PS	16.03.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	17/422	17/2754

Meldingar og referatsaker

Saksopplysingar:

- Brev til valstyret frå kommunal- og moderniseringsdepartementet vedr. vedtak om todagarsval etter vallova §9-2.
- Elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen.
- Referat frå prosjektgruppa for valet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

Valstyret - 002/2017

VAL - handsaming:

VAL - vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

Vedlegg:

Vedtak om todagarsvalg etter valgloven § 9-2(1) (117776)

Elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen (L)(95496) (117790)

Referat møte prosjektgruppa 13. januar 2017 (113574) (117789)

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
003/2017	Valstyret	PS	16.03.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Monika Soltveit Gabrielli	16/850	17/2557

Tid og stad for røystegjeving under valtinget 2017

Saksopplysingar:

Bakgrunn

I følgje vallova § 9-3 2. ledd er det valstyret som avgjer kvar røystegjevinga skal gå føre seg og fastset tid for røystegjevinga. Ein skal melda endringar i kretsinnstillinga for matrikkelføring innan 31. mars i valåret. I vallova har Stortinget vedteke at sluttid for røystegjevinga valdagen er seinast kl. 21.00.

Rådmannen vurderer røystekrinsane til ikkje å vera så store at det er trong for å halda ope til kl. 21.00. I tillegg har det, lokalt og på landsbasis, vore ei generell auke i tal veljarar som førehandsrøyster.

Rådmannen rår til at røystelokala i kommunen har same opningstid som i 2015, frå kl. 12.00 - 20.00.

Skulane i dei ulike krinsane har vorte nytta som røystelokale på valdagen. På grunn av krav om universell utforming vart Manger skule erstatta med Radøyhallen i 2011. Erfaringane har vore at idrettshallen er eit godt eigna lokale.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Ved stortingsvalet i 2017 skal røystegjevinga på valdagen 11. september vera frå kl. 12.00 til kl. 20.00 i alle vallokala i Radøy kommune.
2. Følgjande stadar vert godkjende som røystelokale:

Krins	Røystelokale
Sæbø	Gymsalen Sæbø skule
Manger	Radøyhallen
Hordabø	Gymsalen Hordabø skule

Austebygd

Gymsalen Austebygd
skule

Valstyret - 003/2017

VAL - handsaming:

Valstyret vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

VAL - vedtak:

1. Ved stortingsvalet i 2017 skal røystegjevinga på valdagen 11. september vera frå kl. 12.00 til kl. 20.00 i alle vallokala i Radøy kommune.
2. Følgjande stadar vert godkjende som røystelokale:

Krins

Røystelokale

Sæbø

Gymsalen Sæbø skule

Manger

Radøyhallen

Hordabø

Gymsalen Hordabø skule

Austebygd

Gymsalen Austebygd
skule

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
004/2017	Valstyret	PS	16.03.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Monika Soltveit Gabrielli	17/383	17/2365

Val av stemmestyre og stemmemottakarar - stortingsvalet 2017

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Etter § 4-2 i vallova skal eit stemmestyre med minst tre medlemar administrera røystegjevinga på kvar stad dersom det føregår røystegjeving på fleire stader i kommunen. Kommunestyret har delegert oppnemninga av røystestyra til valstyret.

Radøy har i dag røystekrins i kvar skulekrins: Austebygd, Hordabø, Manger og Sæbø. I dei siste vala har ein hatt elektronisk manntal i røystelokala og leiar i røystestyret har rapportert inn elektronisk etter røystesetlane er talde opp. Det vert ingen endring i denne valgjennomføringar i år.

Røystestyra skal telja opp innkomande røyster og kontrollera desse mot kryss i manntalet. Ved oppteljing skal ein ikkje skilja mellom retta og uretta stemmer under første oppteljing og telja opp tal røyster per parti. Då me skannar stemmesetlande vil denne oppteljinga skje sentralt. Andre og endelege oppteljing skal gå føre seg under oppsyn av valstyret.

Administrasjonen ser det som viktig å ta omsyn til kva oppgåver som skal utførast og tidlegare erfaring når ein vel kven som skal vera valfunksjonærar i kommunen. I tillegg gjev vallova retningsliner.

Vallova § 9-3 fjerde ledd slår fast at kandidatar som er oppført på valliste ved stortingsvalet ikkje kan oppnemnast som stemmemottakar eller valfunksjonær i vallokala i gjeldane fylke.

I tillegg til røystestyra vil det vera trong for å oppnemna ein del valmedarbeidarar som må hjelpa til i røystelokala denne dagen. Dette er i utgangspunktet tilsette i kommunen. Tal på valmedarbeidarar i tillegg til røystestyra er to på Hordabø, tre på Manger og to på Sæbø. Ein treng ingen ekstra på Austebygd.

Røystestyra med vara og valmedarbeidarar vert innkalla til opplæring nest siste veke før valdagen.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Følgjande stemmestyrer vert oppnemnde for stortingsvalet i 2017:

Manger krins – Radøyhallen
Sølvi Merete Mangerøy, leiar

Rolf Raknes, medlem
Jo Bjarte Tømmerbakke, medlem
Asgeir Nøttveit, vara

Hordabø krins – Hordabø skule

Laila Blomvågnes, leiar
Marit Marøy, medlem
Bergfrid Tjore, medlem

Austebygd krins – Austebygd skule

Liv Pletten, leiar
Asgeir Mjøs, medlem
Kirsten Skage Mellingen, medlem

Sæbø krins – Sæbø skule

Grethe Elin Storheim, leiar
Håkon Lunde, medlem
Linda Bertelsen, medlem

Vara for røystestyra i krinsane Austebygd, Hordabø og Sæbø er:

Gunn Therese Haukeland og Martha Grønstad Hvidsten

Valstyret - 004/2017

VAL - handsaming:

Sekretær i valstyret orienterte kort om at stort sett alle i stemmestyra har takka ja til gjenval.
Dermed får me røynde valfunksjonærar ute i vallokala.

Else Marie Skartveit Dale stilte spørsmål om det var krav til at valfunksjonærar må vera busett i kommunen.

Sekretær vil undersøkje at dei valde fyller evt. krav til bustadadresse og koma tilbake med suppleringsval dersom det er naudsynt for einskilde kandidatar.

VAL - vedtak:

Følgjande stemmestyrer vert oppnemnde for stortingsvalet i 2017:

Manger krins – Radøyhallen

Sølvi Merete Mangerøy, leiar
Rolf Raknes, medlem
Jo Bjarte Tømmerbakke, medlem
Asgeir Nøttveit, vara

Hordabø krins – Hordabø skule

Laila Blomvågnes, leiar
Marit Marøy, medlem
Bergfrid Tjore, medlem

Austebygd krins – Austebygd skule

Liv Pletten, leiar

Asgeir Mjøs, medlem
Kirsten Skage Mellingen, medlem

Sæbø krins – Sæbø skule
Grethe Elin Storheim, leiar
Håkon Lunde, medlem
Linda Bertelsen, medlem

Vara for røystestyra i krinsane Austebygd, Hordabø og Sæbø er:
Gunn Therese Haukeland og Martha Grønstad Hvidsten

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
007/2017	Valstyret	PS	04.05.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Monika Soltveit Gabrielli	17/832	17/5164

Meldingar og referatsaker

Saksopplysingar:

- Vedtak om ikkje å skanna
- Funksjonærar og bustadsadresse

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

Vedlegg:

Vedtak om ikkje å skanna
Funksjonærar og bustadadresse



Notat

Emne: Vedtak om ikkje å skanna

Radøy kommune gjorde avrop på skannartenester til stortingsvalet 2017 innan fristen med det resultat at det kom inn to tilbud.

Etter deltaking på direktoratet si første valopplæring, fekk ein betre oversikt over oppgåvene og kunne konkludera med at tal stemmesetlar i Radøy er så lågt at det vil gå raskt også ved manuell teljing. Dette gjeld for stortingsval, då ikkje anna enn partinamn bli talt her.

Følgjande er vurdert:

Grunnprisen på tenestene.

Kostnad i form av tida det ville gå med til installering av programvare, rigging for opplæring og prøveskanning.

Erfaring og opplæring med tanke på seinare val vart ikkje vurdert som relevant.

Denne kostnaden sett opp mot tilleggstida ved manuell teljing, gjer at Radøy kommune ikkje vel ei løysing med skanning.

Saksbehandlar: Kultur- og sørvistorget/Monika Soltveit Gabrielli

Vår referanse: 16/850 - 17/4943 / FE - 011

Dato: 18.04.2017

Post

postmotak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



Notat

Til:

Kopi til:

Saksbehandler: Kultur- og sørvistorget/Monika Soltveit Gabrielli

Vår referanse: 16/850 - 17 / FE - 011

Dato: 18.04.2017

Emne: Funksjonærer og bustadadresse

I valstyret sitt møte 16. mars i år stilte representanten Else Marie Dale spørsmål om det er sett krav til bustadadresse for stemmestyre og valfunksjonærer. Ein av dei foreslåtte vararepresentantane hadde pr. då bustadadresse utanfor Radøy.

Sekretær for valstyret ville sjekka lovverket og koma tilbake til valstyret med svar.

Valhandboka (som ein finn på *regjeringa.no*) slår fast at medlemmar i stemmestyra vert å sjå på som folkevalde og må vera busett i kommunen på valdagen. Dei øvrige valfunksjonærane i stemmelokala kan vera busett i andre kommunar.

Vedkomande som er vald som vara til stemmestyret har stadfesta at ho vil vera busett i kommunen på valdagen. Dei andre medlemmane i stemmestyra er også busett i Radøy.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no

Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
008/2017	Valstyret	PS	04.05.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Monika Soltveit Gabrielli	16/850	17/4932

Val av oppteljingsmåte

Saksopplysingar:

Det er ulike måtar å telja stemmesetlar på og valstyret har mynde til å avgjera dette. Utt drag frå vallova § 10-4:

(1)Valgstyret er ansvarlig for opptelling av stemmesedler. Opptellingen foretas av de personer og på den måten valgstyret har bestemt.

(4)Stemmesedler avgitt på forhånd og stemmesedler avgitt på valgtinget skal telles hver for seg.

(5)Stemmesedlene skal telles opp i to omganger, ved en foreløpig og en endelig opptelling.

Valstyret kan velja mellom følgjande måtar:

Sentral oppteljing

Ved sentral oppteljing vil stemmesetlane bli talde opp sentralt samla to gongar; i kategoriane *førebels* og *endeleg*. Resultata vil difor bli rapporterte slik at ein ikkje kan lesa resultata frå dei ulike kretsane.

Kretsvis oppteljing

Ved kretsvis oppteljing vil stemmesetlane bli talde opp to gongar, *førebels* og *endeleg*, og rapportert kretsvis slik at ein kan lesa resultatet frå dei ulike kretsane.

Ved val av kretsvis oppteljing kan stemmestyra, valstyret eller valde valmedarbeidarar gjera *førebels* oppteljing.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Teljing av stemmesetlane i Radøy vil vera kretsvis. Førebels oppteljing vil skje av stemmestyra og endeleg oppteljing vil skje under tilsyn av valstyret.